

Vekeplan for 1. trinn veke 50-51

Sosialt mål	
Å bygge eit godt klassemiljø	- Eg er ekstra grei med den hemmelege vennen min.

Fag	Tema	Fokus/ Me jobbar med
Norsk	Lyddinnlæring	Bokstaven j
Matematikk	Addisjon	Tiarvenner
Tema	Religion	Kristendom, advent og jul

Til heimen veke 50:



- Kvar morgon trekk me ein hemmeleg venn, dette er ein i klassen som me skal være ekstra grei med heile skuledagen. Elevane har kome med mange gode forslag til kva ein kan gjere, f.eks. spørje om den hemmelege vennen vil vere med å leike, sjå at den ikkje er åleine i friminuttet, sei fine ting til den, trøste, hjelpe, dele ol.
- På tysdag skal me på adventssamling på musikkrommet.
- På onsdag er det Luciadagen. Barnehagen går i Luciatog gjennom skulen og kjem på besøk til 1. klasse etterpå. 🕯️
- På fredag er det "raud dag". Då er alle elevane på skulen oppfordra til å ta på seg noko raudt. Det kan være ei nisselue, ein fotballdrakt, raude sokkar eller liknande. Sjå kva du har heime 🍒👤
- Neste veke (51) skal heile skulen på skulegudsteneste i kyrkja på Tau, gje beskjed på transponder innan fredag dersom ditt barn heller skal ha alternativt opplegg på skulen.

- På måndag 18.12 skal me på teaterframsyning, me skal sjå eit juleskodespel som kulturskulen har sett opp. Det blir kjekt!
- No for tida blir det veldig blautt på golvet i garderoben når me går inn og ut med snø på skoa. Det kan vere lurt å ha med eit par innesko/tøfler som ein kan bruke inne. Det er også lurt å merke klede godt! Det er mange umerka vottar og skifteklede som ligg rundt omkring i garderoben for tida.
- Kom gjerne innom garderoben ein dag før ferien for å ta heim ekstra klede og sjekke skiftekorga 👍
- Tusen takk for ein fin haust! Eg er heldig som får bruke arbeidsdagane min saman med ein så god gjeng. Siste skuledag før juleferien er onsdag 20. desember. Første skuledag etter juleferien er onsdag 3. januar. 😊

God jul og godt nytt år! Helsing Stine Linn.